fylkesakademiet

Fylkesakademiet

# Kurskatalog

2018

Møre og Romsdal
fylkeskommune

# Fylkesakademiet

## ein møteplass for kompetanseutvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune er avhengig av vilje til kontinuerleg kompetanseutvikling i heile arbeidsstokken for å levere tenester med høg kvalitet og for å nå målet «tydeleg medspelar til regional utvikling». Fylkesakademiet er møteplassen for kompetanseutvikling på arbeidsgivar- og organisasjonsområdet.

### Kompetansestyring

Ved kvar eining skal leiinga gjennom prinsippa for kompetansestyring legge til rette for kompetanseutvikling i samsvar med eininga sine behov.

Alle tiltak i regi av Fylkesakademiet skal byggje på kompetansebehov som er godt kommunisert mellom leiarane og dei tilsette.

Opplæringstiltaka skal gi kompetanse for å nå mål.

### Kultur for utvikling og læring

Organisasjonslæring blir til når organisasjonen er budd på å ta imot ny kunnskap. Alle einingar skal ha møteplassar for deling av ny kunnskap, og leiar skal legge til rette for å ta ut effekten av ny kompetanse.

### Kompetanse-mobilisering

"Kompetansemobilisering" skjer når vi tek i bruk kompetanse som medarbeidaren har, men som tidlegare ikkje har vore nytta.

### Kompetansetiltak med høg effekt

Tiltak for kompetanseutvikling skal byggje på tett samhandling mellom leiar og medarbeidar om kva tiltak som gir relevant kompetanse for å nå måla og kva for kompetansetiltak som gir best effekt. Tydelege forventningar i forkant av opplæringstiltaka og oppfølging etter opplæringstiltaket om å dele og ta i bruk ny kunnskap er ei føremon.

### Type opplæringsformer

Opplæringstiltaka i regi av Fylkesakademiet skal i så stor grad som mogleg nytta e-læring og videokonferanse i sine opplæringstiltak, so lenge det ikkje bryt med prinsipp for kompetansetiltak med høg effekt. Med ei slik tilnærming vil vi kunne auke mengda med kompetansetiltak og effekten av tiltaka utan at kostnadane aukar tilsvarande.

For all opplæringsaktivitet i regi av Fylkesakademiet er det forventa at opplæringsform blir vurdert.

**Fylkesakademiet legg opp til fem opplæringsformer.**

1. Klasseromskurs med kursholder og prosjektrom i Alfresco
2. Virtuelle kurs med kursholder via videokonferanse eller WebEx (virtuelt kursrom) og prosjektrom i Alfresco
3. e-Læring via e-Læringsportalen og prosjektrom i Alfresco
4. AGP konferanser – årleg konferanse for leiarar, tillitsvalte og verneombod
5. Utviklingsprogram – t.d. Lederutviklingsprogrammet

Fylkesakademiet er organisering av «Fylkesinitierte opplæringstiltak på arbeidsgivar- og organisasjonsområdet»; kompetansetiltak for leiarar, mellomleiarar, tillitsvalte, verneombod og andre tilsette som fell inn i målgruppa for aktuelle kompetansetiltak.

Sentrale møteplassar for fylkesakademiet sine kompetansetiltak er:

- Arbeidsgivarpolitikk-konferansen for alle leiarar, mellomleiarar, tillitsvalte og verneombod
- Leiarutviklingsprogram for alle nye leiarar og leiartalent
- Introduksjonsdag for nye leiarar og nye medarbeidarar
- HMS-modulopplæring

## Fylkesakademiet sitt læringsnettverk

Fylkesakademiet legg vekt på kompetansetiltak som møter eningane sine kompetansebehov på arbeidsgivar- eller organisasjonsområdet.

Fylkesakademiet sitt læringsnettverk er møteplassen for refleksjon og prioritering av innmeldte behov.

Læringsnettverket er sett saman av representantar frå fagavdelingane og driftseiningane. *Representantane har ei fagleg pådrivarrolle for utvikling av ein lærande kultur i si eining eller avdeling.* Læringsnettverket har ansvar for innhaldet i den årlege kurskatalogen.

Læringsnettverket sine medlemmar vil også ha ei sentral rolle som pådrivar til omsetting av ny kompetanse inn i organisasjonen og den enkelte eining.

## Rammer for tiltak i kurskatalogen

Årshjulet for fylkesakademiet sin aktivitet er knytt til budsjettåret, og kursaktiviteten og omfanget er mellom anna knytt til fylkestinget sitt vedtak om budsjett for sentral opplæring (Fylkesakademiet) for påfølgande år.

Personalseksjonen er saksbehandlar for dette arbeidet og legg fram sak til i hovudsamarbeidsutvalet om disponering av dei sentrale opplæringsmidlane.

Opplæringstiltaka i regi av fylkesakademiet er som hovudregel utan kostnad for deltakarane. Driftseiningane dekkje reise og opphaldskostande for sine deltakarar. Av-melding utan gyldig grunn ( sjukdom) etter frist, eller manglande oppmøte på kompetansetiltaket gir eigenandel. Dette må kome fram som informasjon i invitasjonen.

## Avdelingsvise opplæringstiltak - finansiering

Læringsnettverket ser at stort opplæringsbehov gir behov for alternative finansieringsmodellar. Avdelingsvise opplæringstiltak som opnar opp for deltaking frå andre avdelingar, kan melde inn desse tiltaka til Fylkesakademiet sin kurskatalog. Kostnader pr deltakar blir då ei kursavgift, som eininga dekkjer for sine deltakarar saman med reise- og opphaldskostnader.

Fylkesakademiet kan kjøpe plassar på slike avdelingsvise kurs. I kurskatalogen vil det komme fram kva for kurs og tal plassar.

## Kurseigar

I Fylkesakademiet sin kurskatalog er «kurseigar» ei sentral nemning.
Alle som i Kurskatalogen gir tilbod om opplæringstiltak, er kurseigar og har ansvar for å utvikle og gjennomføre opplæringstiltaka i regi av Fylkesakademiet.

Rammer for fylkesakademiet sin aktivitet.

- Val av opplæringsform (type 1- 5, sjå punkt over)
- Ansvar for og administrasjon av tildelt økonomisk ramme for kurset
- Administrasjon av/ gjennomføring av kurs
- Val av målgruppe
- Bestilling av kurs-stad, møterom eller video-rom
- Val av leverandør - anbodsprosess
- Val og avtale med eventuell foredragshaldar
- Administrere tiltaket via intern kalender
- Informere om tiltaket på «Mi side»
- Komponere deltakarliste
- Evaluering av tiltaket
- Bruk av fylkeskommunen sin grafisk profil i alt materiell
- Bruk av lysark som intro til alle kurs- arrangement

# Kurskatalog
## 2018

Alle tiltak i regi av Fylkesakademiet skal byggje på kompetansebehov som er godt kommunisert mellom leiarane og dei tilsette. Opplæringstiltaka skal gi kompetanse for å nå mål.

**Intern kalender**

Alle tiltak i kurskatalogen skal annonserast på intern kalender.

**Evaluering**

Alle kompetansetiltak i regi av fylkesakademiet skal evaluerast.

## Årlege tiltak

| Ansvar | Fagområde, tema | Kontakperson | Målgruppe | Type kurs | Nivå | Tid |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Personal-seksjonen | AGP-konf. | Dag Lervik/Marianne Bye/andre | Leiarar, mellom-leiarar, tillitsvalte, verneombod | Konferanse | | 7. og 8. mars |
| | Leiar-utviklings-program. Kull 6 | Dag Lervik/ Richard Muller/andre | Nye leiarar, leiartalent | Klasserom | Grunnleggande | Etter plan, sjå intern kalender |
| | Intro-dag for nye tilsette og nye leiarar | Dag Lervik Marianne Bye | Nye leiarar, nye tilsette | e-læring klasserom | Grunnleggande | 17. sep-tember |
| | Introduksjonsdag for nye leiarar | Dag Lervik/andre | Nye Leiarar | e-læring Klasserom | Grunnleggande | 18. sep-tember |
| | HMS-opplæring, modul 2 | Martin Hauge, Staminia helse | Leiarar, verneom-bod og andre | Klasserom Video-konferanse | Grunnleggande Dybdekurs. Opp-daterings-kurs | 28. febr. og 1. mars |
| | HMS-fagnettverk for koordinatorer og HVO | Stein Ove Lianes, Martin Hauge | Alle verneombod og HMS koordina-torar | Klasserom | | April/ oktober |
| | HMS-opplæring Modul 3- fysisk arbeidsmiljø | Martin Hauge, BYVE, Stamina helse | Leiarar, verne-ombod og andre | Klasserom, videokonfer-anse. E-læring | Oppdaterings-kurs | |
| | Temadag senior | Richard Muller og Berit Dahl | Tilsette 60+ | Klasserom og service-berekning | Grunnleggande | |
| | Obligatorisk kompetansemodul i saksbehandling. Kompetanse i saksbehandling:<br>• Politiske system,<br>• Digital saksbe-handling,<br>• Klarspråk, skrive saksframlegg<br>• Forvaltningslova | Ingvild D.Sæter, Robert Løvik, Kari Rundmo, Kristine Svendsen, Åge Brekk, Eivind Vart-dal Ryste, Ingunn Bekken Sjåholm | Nytilsette råd-givarar, andre som har behov for slik kompetanse-utvikling | Klasserom og e-læring | Grunnleggande | Haust 2018 |

**Obs!**

Kurseigar har ansvar for at Fylkesakademiet sine kompetansetiltak blir gjort tilgjengeleg via intern kalender. Kurseigar har også ansvar for å legge informasjon om tiltaket på «Mi Side».

Sjå Kurskalender under tilsettportalen på Mi Side

fylkes-
akademiet

## Tiltak i 2018

| Ansvar | Fagområde, tema | Kontakperson | Målgruppe | Type kurs | Nivå | Tid |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunikasjons-seksjonen | Nynorsk – grunnleggande 2-dagars kurs | Ingvild D. Sæter/ landssamanslutning for nynorskkommunar | Rådgivarar og andre med behov/tilsette i vgs. | Klasserom | Grunnleggande | 11. og 12. april |
| | Beredskap og krisehandtering | Inger J. Moene/ Eirik Jenssen | Målgruppe blir definert | Klasserom | Intensivt kurs | |
| | Klarspråk | Ingvild D. Sæter | Rådgivarar og andre som skriv saksframlegg. Lære å skrive | Klasserom og avdelingsvise kortseminar. Ålesund og Kristiansund | Klasserom | 30.jan. |
| Juridisk | **Obligatorisk**.Innføringskurs for nye innkjøparar, regelverk i off. anskaffelse | Arnt Ove Hol | Alle med innkjøpsansvar | Klasserom | Årleg kompetansetilbod | april/mai |
| | Grunnleggande forvaltningsrett, enkeltvedtak, habilitetsreglar, teieplikt og Offentleglov. Sjå også modul for saksbehandlarar | Kristine Svendsen, Åge Brekk med fleire | Rådgivarar og andre med behov. | Klasserom | Grunnleggande | |
| | Grunnleggande forvaltningsrett: Enkeltvedtak, habilitetsreglar, teieplikt og Offentleglov | Gudmund Lode, Kristine Svendsen, Åge Brekk | Leiarar, mellomleiarar og andre med slikt kompetansebehov | Klasserom Legg til rette for kortkurs ute i einingane | Grunnleggande | Haust 2018 |
| Personal | Handtering av dei vanskelege personalsakene | Dag Lervik, Gudmund Lode, Ivar Rød | Leiarar, mellomleiaarbeidstakar-repr | Klasserom | Dybde | 8. mai |
| | Den nødvendige og vanskelege personalsamtalen | Personal i samarbeid med Roar Eriksen | Leiarar og mellomleiarar, arbeidstakar-represent. | klasserom | Dybde | 9. mai |

*framhald neste side*



## Tiltak i 2018 (framhald frå forrige side)

| Ansvar | Fagområde, tema | Kontakperson | Målgruppe | Type kurs | Nivå | Tid |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Personal | Rekrutteringskurs | Marianne Bye Evt. i samarbeid med Cut-e | Tilsettingsutval og andre med ansvar for rekruttering | Klasse-rom | Dybde | 20. og 21. mars |
| | MTM-opplæring(tolke og følgje opp resultat) inklu-sive rutinar fir behandling av varsling/klager etter HMS-retningslinje 03 og 14 | Richard Muller, Dag Lervik og andre | Leiarar og hovud-verneomboda | Klasse-rom | Dybde | |
| | Lov, avtale og reglement på arbeidsgivar-området, KF-info | Dag Lervik, Iver Kåre Mjelve, andre | Leiarar, mellom-leiarar | klasser-om | Dybde | |
| | HMS-kurs SafeUse | Martin Hauge. Andre | Verneombod, leiarar | klasser-om | Dybde | Etter behov, sjå intern kalender |
| Bygge og eigedoms-avd. | Reinhaldsleiarkurs | Anne Bente K. Svendsvik | Leiande rein-haldarar | Klasse-rom | Grunnlegg. og dybde. 2 dagar | |
| | Teknisk driftspersonell | Kristin Tangvik | Vaktmeister og driftsleiarar | | | |
| | Fagsamling for reinhald-spersonell | Anne Bente Svendsvik | Reinhaldarar | Klasse-rom | Grunnlegg. og dybde. 2 dagar | |

*framhald neste side*

fylkes-
akademiet

## Tiltak i 2018 (framhald frå forrige side)

| Ansvar | Fagområde, tema | Kontakperson | Målgruppe | Type kurs | Nivå | Tid |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Doku-ment-senteret | Ephorte | Ruth Wenche Stavik | Nytilsette Andre | Klasse-rom | Grunn-leggende Vidareg. etter avtale | Kvar 3. veke. Publiserast på intern kalender, eller etter avtale |
| Økonomi | E-budsjett | Siv T. Hansen | Leiarar, mellom-leiarar, andre | Klasse-rom | Dybdekurs | 9.januar |
| | Fagdag om rekneskap, fakturabehandling og lønn | Siv. T. Hansen, Gunnar Malme m.fleire | Merkantilt tilsette i vidareg. skole. Tilsette som job-bar med økonomi i sentraladm. | Klasse-rom | Dybdekurs | 4 kursdagar i nov. |
| Plan og analyse-avd. | Statistikk – korleis bruke og forstå statistikk | Trygve Grydeland | Rågivarar m.fl. | Klasse-rom | Grunnleg-gande | Mars 2018 |
| | Planlegging – intern plansamordning | Johnny Loen | Rågivarar med ansv. for innspel til kommunale planar | Klasse-rom | Dybde | Haust 2018 |
| Reg. og næring | Prosjekt- og prosessleiing | Angela Hagen i samarbeid med brukargruppe | Tilsette m. ansvar for prosjekt- og prosessleiing | Blir tilpassa | Grunnleg-gande og dybde | |
| IT-seksjonen | Kompetansetiltak IT etter plan | Dagfinn Grønvik | Målgruppe blir annonsert | Klasse-rom e-læring | | |

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, 6404 Molde | Telefon 71 28 00 00 | E-post: post@mrfylke.no | www.mrfylke.no

Miljøfyrtårn
MILJØMERKET 241 TRYKKSAK 731